REGULERINGSPLANEN VEDTEKEN

Dato 15.04.98

K-sak 72/98

* Plankartet er delt i 4 delar. Dei 3 austlegaste er ikkje retta opp etter k.st. vedtaket. Men dei er også bygd ut.

**Reguleringsføresegner til reguleringsplan for Edland - Haukeli.**

1. GENERELT

1.1 På planen er det regulera området visa med reguleringsgrense.

1.2 Området er regulera til fylgjande formål :

BYGGEOMRÅDE

Bustad
Forretning
Bustad/forretning
Industri
Offentlege bygningar
Allmennyttig formål

OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Veg 1 (E-134)

FRIOMRÅDE

Park

SPESIALOMRÅDE

Frisiktsone

FELLESOMRÅDE

Anna fellesareal

1. BYGGEOMRÅDE

Byggeområde gjeld eksisterande bygg. Utomhusområde skal opparbeidast i tråd med situasjonsplan dagsett 12.09.97.

3. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Veg 1 er E-134. Køyrebane er 6,25 meter der ein har einsidig fortau.
Køyrebane er 6,50 meter der ein har tosidig fortau.
Breidde på fortau er 3 meter.
Anna trafikkareal er 3 meter på båe side av køyrebane og fortau.
Anna trafikkareal, som er sideterreng, skal behandlas på ei tiltalande måte.

4. FRIOMRÅDE

Friområde er offentlege parkområde med tilgang for alle. Friområde skal opparbeidast i tråd med situasjonsplan dagsett 12.09.97. Vegetasjon og terreng skal så langt råd er takast vare på.
Friområde skal byggast samtidig med tilgrensa vegareal.

6. SPESIALOMRÅDE

Frisiktsone. Innafor frisiktsona skal det vera fri sikt over ei høgde på 0,5 meter over tilstøytande vegareal.

7. FELLESOMRÅDE

Anna fellesareal er areal for opphold og leik til det tidlegare oljehuset i Bratlandsområde. Fellesområde skal byggast samtidig med tilgrensa vegareal. Fellesområde høyrer til Bratlandsområde.

FELLESREGLAR

1. Byggesøknad :
I samband med søknad om tiltak som tilbygg og ombyggingsarbeid skal det leggast ved situasjonsplan i høveleg målestokk, som syner tiltak og korleis den ubygde delen av tomta skal planerast og nyttast.
Byggerettleiaren « Nye fasader i Edland gamle sentrum» kan nyttast som rettesnor for planløysingar, materialval og fargebruk.

2. Byggegrenser :

Mot veg 1 følger byggegrense veggliv på eksisterande bygningar.
Mot industriområde er byggegrense sett til 23 meter frå senterlinje til vegen.
Dette er
byggegrense i veggliv på tilgrensande post og bankbygg.